



Stuert Svein Myklebust i uniform, saman med bysse- og messemannskapet på DS CLUPEA.

**Johanne Ø. Tvedten frå Sunnhordland Museum spør om nokon i Uskedalen kan ha originalen til dette bilete. Ho skriv og redigerer Sunnhordland Årbok og ynskjer å bruka bilete i ein artikkel. Mannen i uniform er stuert Svein Myklebust frå Uskedalen. Dessutan var nokre av mannskapet på fabrikkskipet DS CLUPEA frå Uskedalen.**

DS CLUPEA kom i Bartz Johannessen, sildelaget og staten si eige straks etter krigen. Skipet var 80 % ferdigbygd som landgangsfarty i Aberdeen då partreiarlaget A/S Clupea kjøpte skipet og bygde det om til eit fabrikkskip med lagerplass for sildolje og sildemjøl.

Etter ombygginga i 1950 gjekk DS CLUPEA direkte til Smørhavn på Sunnmøre, Vintersesongane på 1950 talet var gode år og i 1956 mottok fabrikkskipet heile 400.000 hl sild. Då silda vart borte på Norskekysten, gjekk CLUPEA til Afrikakysten i 1957. Skipet hadde stasjon i Esbjerg i Danmark før sal i 1959/60.

Bilete syner stuert Svein Myklebust med bysse- og messemannskapet i 1955. Mange unge menn frå Sunnhordland hadde ein eller fleire turar på CLUPEA som messegut, byssegut eller maskingut. I 1957 var månadshyra for ein messegut på kr. 320,-. I tillegg var det alltid noko overtidsbetaling.

***Dersom nokon i Uskedalen eller andre, som les dette, har originalbilete eller andre motiv frå DS CLUPEA, ta kontakt med Uskedalen.no.***

***Mobil: 915 31 487 eller direkte til formidlingsleiar Johanne Ø. Tvedten, mobil: 971 87 186***

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Sunnhordland Museum